



Referat landsmøte 2016, 5. april på Hotell Expo Fornebu

Frammøtte: 31 medlemsrepresentantar

Sak 1. Konstituering

Det vart gjort følgjande framlegg til tillitsverv:

Møteleiar: Marit Hosar.

Føre protokoll: Inger Lene Nytingnes.

Underskrive protokoll: Wenche Risdal Lund og Anne Aune.

Framlegget vart einstemmig godkjent av forsamlinga.

Sak 2. Årsmelding

Styreleiar orienterte om årsmeldinga for 2015.

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent av forsamlinga.

Sak 3. Årsrekneskap

Styreleiar orienterte om rekneskapet og møteleiar las opp konklusjonen av revisorberetninga.

Vedtak: Årsrekneskapet vart einstemmig godkjent av forsamlinga.

Sak 4. Kontingent

Styreleiar presenterte styrets framlegg til kontingent.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart einstemmig vedtatt.

Sak 5. Budsjett

Styreleiar presenterte styrets framlegg til budsjett.

Vedtak: Styret sitt framlegg til budsjett vart einstemmig vedtatt.

Sak 6. Handlingsplan

Styreleiar presenterte styrets framlegg til handlingsplan.

Arne Skivenes, Bergen Byarkiv la fram følgjande skriftlege forslag som tillegg til punktet «synleggjering»:

Norges dokumentarv skal aktivt brukes i arbeidet med synliggjøring av lokale arkiver.

Vedtak: Styret sitt framlegg, inkludert Skivenes sitt forslag, vart einstemmig vedtatt.

Sak 7. Val av styre

Siri Jordal, medlem av valkomiteen, presenterte valkomiteen sitt framlegg til styre for komande periode.

Vedtak: Valkomiteen sitt framlegg til styre vart einstemmig vedtatt.

Sak 8. Valkomite

Styreleiar presenterte styret sitt forslag til valkomite.

Vedtak: Styret sitt forslag til valkomite vart einstemmig vedtatt.

Sak 9. Forslag fremja av medlemer eller av styret**Sak 9.1. Organisasjonsendring**

Styreleiar presenterte styret sitt framlegg til organisasjonsendring.

Vedtak: Framlegget til organisasjonsendring vart vedtatt med 28 stemmer for, 1 stemme mot og to blanke stemmer.

Sak 9.2. Namneendring

Styreleiar presenterte framlegget om å endre organisasjonens namn til Norges Arkivforbund. Det vart og lese opp eit brev frå Norsk Arkivråd sin advokat med ein protest mot at LLP endrar namn til Norges Arkivforbund.

Det kom inn forslag til nytt namn frå Terje Haram: «Arkivforbundet»

Røysting om namneendring:

Ønskjer at LLP oppretthalda namnet: 5 stemmer.

Ønskjer at LLP endrar namn: 26 stemmer.

Røysting om namn:

Norges Arkivforbund: 0 stemmer.

Arkivforbundet: 28 stemmer

Blankt: 3 stemmer

Vedtak: LLP endrar namn til «Arkivforbundet» frå 1. januar 2017.

Landsmøtet vart heva kl 19.00



Anne Aune



Wenche Risdal Lund